

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, prosjektleiaren, Hordaland  
Saksbehandlar: Namn, avdeling, fylke  
Sak nr.: 2015/1434-665

Saksgang	Møtedato
Utval	
Fellesnemnda-AU	10.09.18

## Presiseringar og behov for justering av overordna administrativ organisering

### Prosjektleiar rår arbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. FN-AU ber prosjektleiar vurdere fordelar og ulemper med delt/samla leiing av næringsavdelinga. Dersom samla leiing av avdelinga vert vurdert som ei betre løysing, føreset dette at regional balanse og kontakt vert ivaretake ved ei funksjons- og/ eller geografisk inndeling på nivået under avdelingsleiinga.
2. FN-AU stiller seg bak presiseringa av at idrettsområdet med leiing lokalisert i Bergen, vert organisert som ein underliggende seksjon under avdeling for Kultur, idrett og integrering.

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1.0 Bakgrunn for saka

I samanslåningsarbeidet er det fleire prosessar og avklaringar som er avhengig av kvarandre for å kunne ha ein operativ ny fylkeskommune på plass 1.1.2020. Ein av dei viktigaste og kritiske faktorane fram mot 1.1.2020 vil vere å få på plass dei viktigaste IKT-systema knytt til budsjett og rekneskap, løn og personal, sak og arkiv, og risikohandtering. Utvikling og innføring av desse systema bygger på den nye administrative organiseringa, arbeidsflyt og fullmakter. For å få tilstrekkeleg tid til utvikling, testing og innføring av dei ulike systema er det lagt opp til at den samla administrative organiseringa må vere på plass i månadsskiftet januar/februar 2019.

Etablering av overordna administrativ organisering og rekruttering av toppleiarar vil no vere første steg i fastsetting av samla administrativ organisering, arbeidsflyt og fullmakter i den samla administrative organisasjonstrukturen for Vestland fylkeskommune.

Prosjektleiaren legg med dette fram sak til arbeidsutvalet om fullmakt til å kunne vurdere justering av overordna administrativ organisering, slik denne er nedfelt i intensjonsplanen, datert 17.januar 2017, og seinare vedtak i fellenemnda. Dette er nødvendig for å sikre politiske avklaringar innanfor ein stram framdriftsplan for rekruttering av nye toppleiarar til den nye fylkeskommunen. Innanfor sitt mandat kan arbeidsutvalet gjere vedtak i hastesaker i forkant av oppsette møter i fellesnemnda.

Prosjektleiar tek sikte på å legge fram endeleg forslag til overordna administrativ organisering på møte i fellesnemnda, 21.september.

## **2.0 Fullmakter og vedtak i fellesnemnda**

### **Fullmakt**

På felles fylkesting i Gulen, 27.oktober 2017, vart det vedteke eit reglement for fellesnemda. I pkt. 7 i dette reglement har fellesnemnda fått fullmakt til å fastsette modell for administrativ organisering;

*«Fellesnemnda fastset modell for politisk og administrativ organisering i den nye fylkeskommunen innanfor rammene som er fastlagde i intensjonsplanen av 17.01.17. Nemnde modell bør likevel kunne vurderast dersom det skjer vesentlege endringar i fylkeskommunane sine oppgåver.»*

### **Leiing av tannhelsetjenesta**

Seinare har fellesnemnda på møte i fellesnemnda 8.mars 2018, gjort vedtak om lokalisering av hovedsete for leiing av tannhelsetjenesta:

1. «*Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune blir leia frå Bergen.*
2. *På same måte som innanfor andre fylkeskommunale sektorar og tenesteområde, skal ein innanfor tannhelsetenesta leggje opp til ei desentralisert arbeidsdeling innan tannhelseadministrasjonen.*
3. *Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune skal vere eit framtidsretta tenesteområde av best mogleg fagleg kvalitet til beste for pasientane. Nærleiken til klinikkleiarane og den desentraliserte klinikkstrukturen tilseier at det må vere kompetansearbeidsplassar både i Hordaland og Sogn og Fjordane knytt til leiing og administrasjon også etter 01.01.2020 for å ivareta eit best mogleg tenestetilbod.*
4. *Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter Vest (TKV) vert naturleg lagt til Bergen i tilknyting til familiøtet på odontologen. Dette senteret skal vere base for spesialisttannhelsetenesta. Ein bygger samstundes opp ein desentralisert modell der spesialistar frå TKV utfører tenester i Sogn og Fjordane.»*

### **Leiing av idrettsområdet**

I sak om politisk hovedutvalstruktur gjorde fellesnemnda, 22.juni 2018, m.a vedtak om lokalisering av leiing av idrettsområdet;

*«Det vert synt til punkt d i forslaget «Hovudutval for kultur, idrett og integrering». Det er ein føresetnad at den administrative organiseringa av idrett vert i samsvar med intensjonsavtalen og lokalisert i Hordaland.»*


## **3.0 Fullmakter til prosjektleiarene**

På møte i fellesnemnda 17.desember 2017 vart det handsama sak om fullmakter til fylkesrådmannen/prosjektleiar. Det vart gjort følgjande vedtak;

1. «*Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiar fullmakt til å utforme og fastsetje den administrative organiseringa av den nye fylkeskommunen i samsvar med fellesnemnda si vedtekne politiske organisering samt føringane i intensjonsplanen, datert 17.01.17.*
2. *Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiar fullmakt til å inngå avtalar om innkjøp og drift av administrative styringsverktøy for den nye fylkeskommunen.*
3. *Fylkesrådmennene/prosjektleiar får fullmakt til overføring og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen, samt til å gjere vedtak i personalsaker. Med denne fullmakta følger også ansvaret for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.»*

## **4.0 Intensjonsplanen - presiseringar og behov for justering av overordna administrativ organisering**

Skissen under syner fastsett hovedutvalsstruktur i den politiske organiseringa for Vestland fylkeskommune, jfr vedtak i fellesnemnda 22.juni 2018, med tilhøyrande overordna administrativ organisering og leiingsdeling slik det vert lagt opp til i den vedtekne intensjonsplanen, datert 17.januar 2017.



Prosjektleiar legg i hovedsak denne overordna avdelingsstrukturen til grunn for rekruttering og lokalisering av toppleiarar i den nye fylkeskommunen med følgjande presiseringar og forslag til å vurdere justeringar som omtalt nedanfor.

### **5.2 Veg og kollektiv**

- Utan å etablere ei eiga samferdselsavdeling vil prosjektleiar vurdere organisatoriske tiltak for å ivareta behovet for samla overordna styring av veg- og kollektivområdet.

### **5.5 Opplæring og kompetanse**

- Prosjektleiar føreslår å samle administrative funksjonar knytt til opplæring og kompetansepolitikk slik det er lagt opp til i hovedutvalsstrukturen for politisk organisering.

### **5.3 Næringsavdeling**

- Prosjektleiar stiller spørsmål om to heilt identiske næringsavdelingar, orienterte etter geografi, slik det er lagt opp til i intensjonsplanen, er føremålstenleg for å ivareta oppgåver med næringsetwikling i Vestland fylkeskommune på ein god måte. Særskilt vil dette ha betydning for å kunne etablere slagkraftige fagmiljø med kompetanse, kunnskap og erfaringar frå begge dagens fylkeskommunar, slik det vil bli gjort innanfor andre fylkeskommunale ansvarsområder.

Det er nok og klare forventningar blant ulike eksterne interessentar til ikkje å framstå som geografisk delte, m.a. i høve til kontakt med næringsklynger, FoU-institusjonar, samt hos Innovasjon Norge Vestland og NHO Vestland som alt har slått seg saman til saumlaus einingar på tvers av fylka.

Prosjektleiar tek derfor sikte på å vurdere vidare fordeler/ulemper med samla leiing av næringsområdet i den overordna administrative organiseringa. I ei eventuell løysing med samla leiing vil det også bli vurdert ei funksjons- og/ eller geografisk inndeling på nivået under avdelingsleiinga for å ivareta behovet for regional balanse og kontakt med ulike deler av fylket.

#### 5.4 Kultur, idrett og integrering

- Prosjektleiar føreslår å samle administrative funksjonar knytt til kultur, idrett og integrering innanfor ei avdeling, slik det er lagt opp til i hovedutvalsstrukturen for politisk organisering.
- Leiring av idrettsområdet, jfr vedtak i fellesnemnda 22.06.2018, vil bli føreslått lokalisert i Bergen som ein underliggende seksjon i ei samla avdeling for kultur, idrett og integrering.

#### 5.5 Tannhelse

Fellenemnda har tidlegare vedteke, 8.mars 2018, at tannhelsetenesta skal leiest frå Bergen. Prosjektleiare vil vidare vurdere om tannhelsetenesta skal organiserast som ei ytre eining, direkte lagt inn under fylkesrådmannen sin stab eller som ein del av dei andre avdelingane. Dersom fylkeskommunane får overført oppgåver innanfor helse- og sosialområdet, kan det bli aktuelt å legge tannhelsetenesta inn i ei nyopprettet avdeling.

Tannhelsetenesta er sterkt driftsorientert, og det er i mindre grad behov for løpende overordna administrativ og politisk styring. Politiske avklaringar og styring på dette området er tenkt gjort direkte i fylkesutvalet utan handsaming i hovudutval.